



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Grete Kathrine Jacobsen, 5557 2116  
Kari Elster Moen, 5557 2370  
Anniken Friis, 5557 2313  
Per Albert Lund, 5557 2174

Vår dato  
07.02.2014  
Dykkar dato  
10.12.2013

Vår referanse  
2013/3628 421.3  
Dykkar referanse  
13/10071

Statens Vegvesen - Region Vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

### **Uttale - oppstart - høyring - Etne og Vindafjord - E134 Bakka - Solheim - kommunedelplan**

Fylkesmannen ser at det er gjort eit godt arbeid med silingsrapport. Når det gjeld planprogrammet, kunne ein del tema ha vore tydeleggjorte, og vi saknar ei samanstilling av det konkrete utgreiingsprogrammet.

Fylkesmannen vil i dette planarbeidet vere særleg opptekne av landskap, landbruk, naturmiljø og massehandtering.

Fylkesmannen viser til dykkar brev av 10.12.2013. Saka gjeld varsel om igangsetjing av planarbeid og høyring av planprogram for kommunedelplan for ny E134 mellom Bakka i Etne kommune og Solheim i Vindafjord kommune.

#### **Generelt**

Vindafjord ligg i Rogaland fylke, og i denne saka vil vi difor uttala oss om kommunen som tilhørar Hordaland, nemleg Etne kommune.

Dagens trasé har delvis svært dårlig standard, og det er forventa at gjennomgangstrafikken vil auka mykje framover. Fylkesmannen ser difor heilt klart behovet for å gjera utbetringar langs denne strekninga på E134.

I dette planarbeidet vil Fylkesmannen vere særleg oppteken av landskap, landbruk, naturmiljø og massehandtering.

#### **Landskap**

Det er svært verdifulle landskapsrom innafor planområdet, mellom anna landskapsrommet i Stordalen. Fylkesmannen er nøgd med at landskap blir løfta fram som eit viktig tema i planprogrammet, og at skildringa til Norsk institutt for Skog og landskap av landskapsregionar i Noreg har blitt nytta som verktøy.

Det går fram at konsekvensutgreiinga skal vise oss nærmare korleis verknaden på landskapet vil bli. Det er difor vanskeleg å uttale oss om kva traséar som vil vere gunstige og ugunstige med omsyn til landskap før denne ligg føre.

## **Landbruk**

Etne er ein viktig landbrukskommune, og er den einaste kommunen i Hordaland med kornproduksjon.

Det er ei nasjonal arealpolitisk målsetjing å redusere omdisponeringa av dei mest verdifulle jordressursane. Fylkesmannen ber om at landbruk blir eit prioritert omsyn når trasé skal veljast. Vald trase må ikkje vere altfor skadeleg med omsyn til tap av dyrka mark eller oppstykking av landbruksareal slik at det vert uhensiktsmessig drift i landbruket.

Konsekvensutgreiinga må òg innehalde arealrekneskap som viser kor mykje dyrka og dyrkbar jord som vert omdisponert som følgje av tiltaket.

## **Naturmiljø**

### Etneelva

Det er svært verdifulle natur- og vassdragsområde og naturtypar innanfor planområdet. Etneelva er eit nasjonalt laksevassdrag. Heimel for forvaltning av nasjonale laksevassdrag er laks- og innlandsfiskelova § 7a, der det går fram at laksen skal sikrast mot skadelege inngrep. Det gir føringar for planlegginga og utgreiingsprogrammet, i tillegg til Rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag som er nemnd i kapittel 2 i planprogrammet.

Etnevassdraget har stort naturmangfold knytt til mellom anna forma på elveløpet, plante- og dyreliv, inkludert laks- og sjøaure. Det har tidlegare vore elvemusling i elva, men bestanden er truleg utdøydd i dag. Fylkesmannen meiner konsekvensutgreiinga må vise korleis dei ulike traséane vil verke inn på verneverdiane i Etnevassdraget. Fylkesmannen legg til grunn at veganlegget ikkje må få negative konsekvensar for Etnevassdraget, og ein bør unngå å gjera inngrep i sjølve vassdraget.

I forslag til utgreiingsprogram er det hovudfokus på vasskvalitet. Verknader for anadrom fisk må vere eit eige punkt i utgreiingsprogrammet, jamfør laks- og innlandsfiskeloven. I det vidare planarbeidet rår Fylkesmannen til god dialog med lakseforvaltninga undervegs.

### Stødleterassen

Stødleterassen er ikkje berre eit kulturvernombord, men òg eit naturområde. Det kan gjerne leggjast til grunn eit naturperspektiv på Stødleterassen, og ikkje berre eit kulturvern-perspektiv.

I kapittel 6.3.4 i planprogrammet står det lista opp tema for utgreiinga under naturmiljø. Naturmangfaldlova skal vere grunnlag for vedtak, jamfør definisjonen av naturmangfold i § 1, der både geologi og landskap inngår saman med biologisk mangfold. Det er viktig å få fram kunnskapsgrunnlaget om geologiske verdiar, spesielt kvartærgeologien, i konsekvensutgreiinga. Den naturfaglege verdien av geologiske område, særleg kvartærgeologien, bør difor etter Fylkesmannen sitt syn stå som eit eige punkt.

## **Massehandtering**

Bygging av ny trasé mellom Bakka og Solheim vil gje nye og store utfordringar knytt til handtering av overskotsmassar. Det vil kome i tillegg til dagens masseoverskot i området, til dømes frå Stordalstunellen. Det er difor viktig at overordna plan omtaler dette, slik at omsyn til landskap og andre verdiar i planområdet vert ivaretakne på ein god måte. I planprogrammet er massehandtering nesten ikkje omtala. Det går berre fram at dette skal greiast ut på

reguleringsplannivå. Fylkesmannen meiner dette ikkje er tilfredsstillande, og at massehandtering må løftast opp som eit sentralt tema i kommunedelplanen. Konsekvensutgreiinga må omtale dette utfyllande relatert til relevante fagområde, som til dømes naturmiljø, landskap, landbruk og forureining.

Det er mogleg å handtera utsleppsløyve etter forureiningslova som ein del av reguleringsplanprosessen. Fylkesmannen deltek gjerne i diskusjonar rundt dette, ut frå erfaringar frå bergensregionen og andre område.

### **Anna**

Når det gjeld omtalen av delområde E2, alternativ E2.2., går det i planprogrammet fram at «*Konsekvensane av løysingane innanfor grensene til kommunedelplanen skal i hovudsak vere avklart gjennom konsekvensutgreiinga som følgde planen*» (side 40). Konsekvensutgreiinga i samband med kommunedelplanen er ikkje like grundig som vegvesenet sine prosedyrar med konsekvensutgreiing. Fylkesmannen legg til grunn at løysingane innanfor grensene til kommunedelplanen vil bli vurdert på lik linje med resten av arealet.

### **Avslutning**

Fylkesmannen saknar ei oppsummerande samanstilling av konkret utgreiingsprogram i planprogrammet. Vi meiner òg det er viktig at kommunedelplanen omfattar massehandteringen frå veganlegget. Vidare ber vi om at planarbeidet legg særleg vekt på landbruk, landskap og naturmiljø, og då særleg verna vassdrag og nasjonalt laksevassdrag. Vi legg til grunn at desse tema blir godt ivaretakne, både når det gjeld konsekvensutgreiinga og val av trasé i planforslaget.

Vi ønskjer lykke til med den vidare planprosessen, og Fylkesmannen bidreg gjerne med dialog underveis viss det er ønskjeleg.

Med helsing

Rune Fjeld  
assisterande Fylkesmann

Else-Kristin Foss Vikenes  
avdelingsdirektør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:

|                         |               |      |        |
|-------------------------|---------------|------|--------|
| Etne kommune            | Postboks 54   | 5591 | ETNE   |
| Hordaland fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | Bergen |